



## MØTEPROTOKOLL

### Bjergvin bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 07.11.2018 kl. 09:00 – 15:30

**Sted:** Bjergvin bispedømekontor

**Arkivsak:** 17/01602

**Tilstede:** Inger Helene Nordeide, Karl Johan Kirkebø, Beate Husa, Vemund Atle Øiestad, Ida Lindøe, Berit Nøst Dale, Halvor Nordhaug, Kjersti Brakestad Boge, Jan Ove Fjellveit

**Møtende varamedlemmer:** Egil Morland for Marius Økland

**Forfall:** Marius Økland  
Nora Sætre Baartvedt

**Andre:** Jan Ove Fjellveit

## SAKSLISTE

**Side**

### Godkjenning av innkalling og saksliste

### Godkjenning av protokoll

### Saker til behandling

<a href="#">44/18</a>	Høring - endring av Kirkemøtets budsjettreglement og økonomiregelverket for rettssubjektet Den norske kirke	2
<a href="#">45/18</a>	Bjergvin bispedømeråd - Høyring om ny fordelingsnøkkel mellom bispedømeråda av tilskot til kyrkjelydspresteteneste	3
<a href="#">46/18</a>	Diakon i Hardanger og Voss prosti: stillinga i Odda kyrkjelege fellesråd og ønske om diakon til Kvam kyrkjelege fellesråd/ Kvam herad.	3
<a href="#">47/18</a>	Bjergvin diakoniutval 2015 -19: supplerande val 2018	4
<a href="#">48/18</a>	Valrådet for kyrkjevalet i Bjergvin 2019 - oppnemning	4
<a href="#">49/18</a>	Bjergvin bispedøme - Høyring Kyrkjeordning for Dnk 1. handsaming	4
<a href="#">50/18</a>	Bjergvin bispedømeråd Møteplan 2019	5

## Orienteringssaker

<a href="#">51/18</a>	Statsbudsjettet 2019 - foreløpig tildelingsbrev	5
<a href="#">52/18</a>	Visitasrapport frå bispevisitas i Kvam 29. - 31. mai og 3. juni 2018	5
<a href="#">53/18</a>	Visitasrapport frå bispevisitas i Sogndal og Leikanger 24. - 26. og 29. april 2018	5
<a href="#">54/18</a>	Lederkonferanse for folkevalgte ledere i kirken i Bjørgvin 26. -27. nov. 2018	5

## Referatsaker

## Tilsettingssaker

<a href="#">55/18</a>	Tilsetting av domprost i Bergen domprosti - <i>Ikkje offentleg</i>	5
<a href="#">56/18</a>	Tilsetting av sokneprest i Sunnfjord prosti med Førde sokn som tenestestad - <i>Ikkje offentleg</i>	5
<a href="#">57/18</a>	Tilsetting av sokneprest i Åsane prosti med sokna Gjerstad, Haus og Bruvik som tenestestad - <i>Ikkje offentleg</i>	5
<a href="#">58/18</a>	Tilsetting av sokneprest i Hardanger og Voss prosti med Voss sokn som tenestestad - <i>Ikkje offentleg</i>	6

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksliste og innkalling vert godkjent

## Godkjenning av protokoll

Protokoll frå 15.6 vert godkjent

## Saker til behandling

## 44/18 Høring - endring av Kirkemøtets budsjettreglement og økonomiregelverket for rettssubjektet Den norske kirke

### Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd sender høyrings svar om endring av Kirkemøtets budsjettreglement og økonomiregelverket for rettssubjektet Den norske kirke i samsvar med administrasjonen sitt forslag.

## **45/18 Bjørgvin bispedømeråd - Høring om ny fordelingsnøkkel mellom bispedømeråda av tilskot til kyrkjelydspresteteneste**

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd gjev si tilslutning til ny fordelingsnøkkel med følgjande merknader:

Til spørsmål 1: Bjørgvin bispedømeråd gjev sin tilslutning til arbeidet slik det er gjort. Ein vil samstundes understreke at ein må vere varsam med store endringar i kva vekt dei ulike kriteria får. Tryggleik over tid på kva ein skal styre etter vil vere viktig.

Til spørsmål 2: Bjørgvin bispedømeråd har ingen merknader på dette spørsmålet ut over at ein har forventning til at nye kriterier blir lagt med tanke på heilskapen og med langsiktig mål om å vere landsdekkande kyrkje i åra som kjem.

Til spørsmål 3:

a) Bjørgvin bispedømeråd meiner parameterane er gode.

b) Det er likevel noko uklart i kva grad det er teke omsyn til kateketressursar og diakonressursar. Dette gjeld særleg når ein innfører levekår og folketal som ei vektning. Vi støttar at sokn ikkje er eit kriterium, men at ein i staden nyttar tal på kyrkjer. Distriktsomsyn er vanskeleg å vekte med kriterier og difor bør det vere eit skjøn på om vektninga er riktig med omsyn til dette. Vi er usikre på om folketal skal vektast, då det ikkje gjev nokon direkte grunnlag for strategisk riktige val, i seg sjølv.

c) Områder som har strategisk vekt, til dømes rekruttering eller sosiale kår, bør ein vere varsam med å ta inn i eit grunnlag for fordeling av driftsmidlar. Det bør i større grad vurderast på grunnlag av om det oppfyller dei mål ein set. Til dømes kan verkemiddel nytta i Nord Troms og Finnmark på rekruttering vere aktuelle for nokre andre stader som og slit med rekruttering. Det kan samstundes vere slik at det å styrke dei som arbeider godt med rekruttering er ein betre strategi. Tiltak som aukar rekruttering til kyrkjeleg utdanning er viktigare enn tiltak som fordelar mot område som slit med rekruttering. Dette som døme på at ein bør vere varsam med å fordele på måtar som ikkje nødvendigvis sikrar ønska resultat.

Til spørsmål 4: Bjørgvin bispedømeråd tilrår ikkje at det skal utarbeidast ein fordelingsnøkkel for spesialpresttenesta. Gjer ein det, må ein vere eins om kategoriane, til dømes at det berre gjeld studentprest- og fengselsprestteneste. Det bør synleggjerast at det er grunnlag til omfordeling på dette området før ein gjer dette. Forslaget slik det ligg føre kan gje mykje administrasjon. Endringar på desse områda bør ikkje reviderast for ofte.

.

Til spørsmål 5: Bjørgvin bispedømeråd meiner det er for tidleg å sjå på fordelinga av midlar i gruppe 1A, 1B, 2 og 3. Det må ligge eit stabilt nivå som alle partar kan styre langsiktig etter.

Spørsmål 6: Bjørgvin bispedømeråd gjev si tilslutning til konklusjonen i rapporten, med ny fordelingsnøkkel.

Spørsmål 7: Bjørgvin bispedømeråd vil meine at ny fordelingsnøkkel bør gjelde frå 2020. Sak om fordelingsnøklar mellom bispedømeråda er så viktig at Kyrkjeråde regelmessig må evaluera desse.

---

**46/18 Diakon i Hardanger og Voss prosti: stillinga i Odda kyrkjelege fellesråd og ønske om diakon til Kvam kyrkjelege fellesråd/ Kvam herad.**

### **Vedtak**

Odda kyrkjelege fellesråd får innvilga søknad om ikkje å søke etter ny diakon før nytt fellesråd er på plass. Tentativ dato for ny tilsetting: 1.1.2020.

1. I same periode (1.9.18 – 31.12.19) vert statlege midlar til diakon og ledige midlar knytta opp i mot diakoni disponert av Bjørgvin bispedøme, omdisponert til Kvam kyrkjelege fellesråd.
2. Som prosjektdiakon skal det tilsettes diakon som er godkjend etter gjeldande regler (jfr. Tenesteordning for diakonar). Om ikkje det er mogleg å få til, vil bispedømet, etter dialog, kunne redusere sitt tilskott til 37,5 % av fullt tilskot til stillinga.
3. Diakonprosjektet skal evaluerast. Evaluering skal ligge føre seinast innan utgangen av 6 semester.
4. Stillinga som diakon i Kvam vil vere ein prosjektstilling i inntil tre år med mogleg forlenging.

---

## **47/18 Bjørgvin diakonutval 2015 -19: supplerande val 2018**

### **Vedtak**

- Guri Kaland Sværen
- Rita Eldholm
- Inger Cesilie Fitje
- Trygve Stabrun
- Hildur Løkken Lillestøl
- Karl Dag Bærug

---

## **48/18 Valrådet for kyrkjevalet i Bjørgvin 2019 - oppnemning**

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner følgjande valråd for kyrkjevalet 2019

#### Medlemer

- Håvard Frøysa
- Kari Skår Sørheim
- Tove Margrete Nordmark
- Olav Martin Vik
- Julie Ane Ødegaard Borge

#### Varamedlemer

1. Jorunn Johnsen
2. Harald Rydland

## **49/18 Bjørgvin bispedøme - Høyring Kyrkjeordning for Dnk 1. handsaming**

### **Vedtak**

Administrasjonen tek med seg merknader frå debatten til saksutgreiing til møte 14.12.

## 50/18 Bjørgvin bispedømeråd Møteplan 2019

### Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtar følgende møteplan:

14. desember 2018, 19. februar 2019, 18. mars 2019, 24. april 2019, 4. juni 2019, 18. september 2019, 29. oktober 2019 og 3. desember 2019 (siste møte/nytt råd).

### **Orienteringssaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
51/18	18/04779-1	Statsbudsjettet 2019 - foreløpig tildelingsbrev
52/18	18/00455-9	Visit rapport frå bispevisitas i Kvam 29. - 31. mai og 3. juni 2018
53/18	18/01785-20	Visit rapport frå bispevisitas i Sogndal og Leikanger 24. - 26. og 29. april 2018
54/18	18/04764-1	Lederkonferanse for folkevalgte ledere i kirken i Bjørgvin 26. -27. nov. 2018

### **Referatsaker**

### **Tilsettingssaker**

## 55/18 Tilsetting av domprost i Bergen domprosti

### Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd tilsetter som Domprost i Bergen domprosti

1. Gudmund Waaler

---

## 56/18 Tilsetting av sokneprest i Sunnfjord prosti med Førde sokn som tenestestad

### Vedtak

Etter gjeldande avtaler og regelverk tilsett Bjørgvin bispedømeråd sokneprest i Sunnfjord prosti med Førde sokn som tenestestad:

1. Ingvald Frøyen
  2. Runar Matsui-Li
-

## **57/18 Tilsetting av sokneprest i Åsane prosti med sokna Gjerstad, Haus og Bruvik som tenestestad**

### **Vedtak**

Etter gjeldande avtalar og regelverk tilsett Bjørgvin bispedømeråd sokneprest i Åsane prosti med sokna Gjerstad, Haus og Bruvik som tenestestad:

1. Stein Hugo Fykse
2. Aage Mjeldheim

---

## **58/18 Tilsetting av sokneprest i Hardanger og Voss prosti med Voss sokn som tenestestad**

### **Vedtak**

Etter gjeldande avtalar og regelverk tilsett Bjørgvin bispedømeråd sokneprest i Hardanger og Voss prosti med Voss sokn som tenestestad:

1. Anders Hove